

## **HEDLER ( LUSSAND)**

Høgdemeter over havet: ca 330 moh

Lengde: ca 1,7 km

Tid: 30-40 min ein veg

Gradering: Lett

**Vegskildring:** Kjør riksveg 7 mot Lussand, ca.14 km. Når du kjem ut av nye-tunnelen, må du køyre tilbake til Lussand og parkere langs utkøyning. Følg bratt grusveg opp, etter 3 minutt så kjem du til skogsvegen som er merka «*privatveg ferdsel på eige ansvar*». Det er skilta mot Utgjerslo, Hedler, Fossdal, Herdabreistølen og Kistenuten. No skal du følgje den bratte skogsvegen/ grusvegen og du passerer husmannsplassen Utgjerslo på høgre side. Her står det berre murar att. Du kan sjå plassen på høgre side av vegen, og det er mogleg å gå ein snarveg inn her, for å både sjå på plassen og for å gå i terrenget i staden for på skogsvegen. Det er verdt å gå innom og sjå denne plassen sjølv om berre murane står att. Her er og informasjon å lesa. Turkassa heng på eit tre øvst i denne vegen for at turen skulle bli noko lengre. Gå vidare den bratte grusvegen opp til du kjem til Hedlersbrua. Her skal du ta av til høgre for å gå bort til stølen der du finn turkassa på det fremste selet.

Skogsvegen fortset vidare til Kvilingasteinen og Fossdal. Dette er ein fin vartur!

**Turtips 1:** å vidare til Fossdal/ Lussandstølen og evt. over til Kvanndalsstølen

**Turtips 2:** Gå heilt opp til Herdabreistølen og Kistenuten!

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: [www.granvin-turlag.no](http://www.granvin-turlag.no)

**GOD TUR!**